

05.03.2021

## Skriftleg innspel til Stortinget om omsorga for einslege mindreårige asylsøkjjarar

Barneombudet viser til Prop. 82 L (2020-2021) med forslag om å lovfeste ansvaret for omsorga for einslege mindreårige asylsøkjjarar som bur i mottak. Barneombudet støtter intensjonen om å regulere omsorga for einslege mindreårige asylsøkjjarar, men vi kan ikkje støtte forslaget i si noverande form.

### Regulering av diskriminerande praksis

Departementet foreslår å lov- og forskriftsfeste gjeldande praksis der Utlendingsdirektoratet (UDI) har omsorga for einslege mindreårige asylsøkjjarar som bur i asylmottak. Standarden på tilbodet til denne gruppa skal etter forslaget vere lik som i dag – eit enkelt, men akseptabelt tilbod som skal vere forsvarleg. Dette er ein praksis som gjennom år har vore kritisert for å vere diskriminerande, noko som seinast i 2018 er stadfesta av både FN sin menneskerettskomité og torturkomité. Begge FN-komiteane ber norske myndigheiter syte for at einslege mindreårige asylsøkjjarar får omsorg av tilsvarende kvalitet som barn i barnevernet. FN sin barnekomité understreka òg i sine merknadar til Norge i 2018 at staten må gje omsorg av god kvalitet til einslege mindreårige asylsøkjjarar over 15 år. Norges institusjon for menneskerettar har i sin temarapport frå 2016 slått fast at gjeldande praksis er diskriminering i strid med barnekonvensjonen, noko Barneombudet og fleire tunge aktørar i sivilsamfunnet har påpeikt sidan dagens ordning vart innført i 2008.

Departementet skriv i proposisjonen at Norge har eit alderstilpassa tilbod til einslege mindreårige asylsøkjjarar, og at departementet meiner det ikkje er diskriminering å bruke fleire ressursar på dei yngste barna, så lenge alle einslege, mindreårige asylsøkjjarar blir gjevne eit forsvarleg tilbod om omsorg ut frå alder. Kritikken mot forskjellshandsaminga går nettopp på at tilbodet for einslege mindreårige i mottak ikkje er **likeverdig** med tilbodet til einslege mindreårige asylsøkjjarar i omsorgssenter og heller ikkje med norske barn i alderen 15-18 år utan omsorgspersonar. Vidare at det ikkje ligg føre ein sakleg og rimeleg grunn til å gje einslege, mindreårige asylsøkjjarar over 15 år eit tilbod som ikkje er likeverdig med det som vert gjeve til gruppa under 15 år.

Tidlegare har grunnen for forskjellshandsaminga vore økonomi. I høyringsnotatet endra departementet grunnen til at tilbodet skal vere «alderstilpassa», noko dei held fast ved i proposisjonen. Etter vårt syn krev barnekonvensjonen artikkel 3 og 20 at eit alderstilpassa tilbod byggjer på behova til det einskilde barnet, ikkje alder åleine. Vi kan ikkje sjå at ei generell formulering om at tilbodet er alderstilpassa fyller dei menneskerettslege krava til at forskjellshandsaminga skal ha ei sakleg grunn og vere rimeleg. Etter Barneombudet sitt syn inneber forslaget derfor ei lovfesting av ei diskriminerande praksis.

Karl Johans gate 7,  
0154 Oslo

Postboks 8889 Youngstorget,  
0028 Oslo

## **Kva må på plass for å sikre eit likeverdig tilbod?**

Departementet har ikkje greia ut kva som må vere på plass for å sikre einslege mindreårige asylsøkjjarar mellom 15 og 18 år eit likeverdig tilbod som norske born utan omsorgspersonar og einslege mindreårige asylsøkjjarar over 15 år. Den enklaste og beste løysinga er å overføre ansvaret for einslege mindreårige over 15 år til barnevernet, slik at dei same regla gjeld for alle, uavhengig av alder. Dette kan til dømes gjerast som del av regjeringa sitt pågåande arbeid med ny barnevernlov.

Ei mindre praktisk og dårlegare løysing som likevel kan hindre diskriminering av einslege mindreårige asylsøkjjarar over 15 år, kan vere å regulere omsorga for denne gruppa i anna regelverk. Ei slik regulering må sikre at tilbodet faktisk er likeverdig. Departementet foreslår i proposisjonen at innhaldet i omsorgsansvaret for einslege mindreårige som bur i asylmottak skal verte regulert i forskrift. Viss Stortinget vedtar lovforslaget, bør de også vurdere å vedta nokre krav om kva ein slik forskrift bør innehalde, mellom anna om det bør verte stilt tilsvarande krav til bemanning og kompetanse i mottak som i institusjonar i barnevernet, og at kravet til kva som er utgjør eit forsvarleg tilbod må konkretiserast.

## **Krav om uavhengig tilsyn**

Barneombudet har merka seg at departementet varslar i proposisjonen at dei arbeider med eit mogeleg forslag om ei uavhengig tilsynsordning med omsorgs- og innkvarteringstilbodet til einslege mindreårige som bor i asylmottak. Når det nå er fremma forslag om lovfesting av omsorgsansvaret og departementet arbeider med ei forskrift, meiner vi det hadde vore naturleg å samtidig fremme forslag om ei uavhengig tilsynsordning, slik vi har med andre institusjonar som har omsorg for barn. Vi anbefalar Stortinget å fatte vedtak som forpliktar regjeringa til å innføre ei uavhengig tilsynsordning med bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige asylsøkjjarar i mottar.

## **Anbefaling frå Barneombudet**

Barneombudet anbefalar at Stortinget overfører omsorga for alle einslege, mindreårige asylsøkjjarar til barnevernet.

Viss Stortinget ikkje ynskjer å overføre omsorga til barnevernet, bør Stortinget forplikte regjeringa til å sikre eit likeverdig tilbod til einslege mindreårige i mottak gjennom anna regelverk. Reglane bør mellom anna stille klare krav til kva som er forsvarleg omsorg, kompetanse og bemanning i mottaka. Stortinget bør òg fatte vedtak som forpliktar regjeringa til å innføre ei uavhengig tilsynsordning med bu- og omsorgstilbodet til einslege mindreårige asylsøkjjarar i mottak.